



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
25/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	16.11.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye		21/1294

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL FRITIDSAKTIVITETAR PÅ EIDSLANDET

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Fritidsaktiviteter for born og vaksne

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eidslandet Grendalag får tildelt inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar for innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for barn og unge på Eidslandet.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga utgjer 76 % av søknadsbeløpet på kr 26 104,-. Tilskotet vert betalt ut etter motteken sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til budsjetterte kostnader i søknaden.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekte attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring

Framlegg til vedtak, lagt inn i møteportalen av Edvin Hesjedal,H:

Redusert med 5000,- til 15.000

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 25/2021

BYG - Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Edvin Hesjedal, H sitt framlegg til vedtak som var ført inn i møteportalen vart ikkje lagt fram i saka, men trekt tilbake.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - Tilråding/Vedtak:

Eidslandet Grendalag får tildelt inntil kr. 20 000,- i bygdeutviklingsmidlar for innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for barn og unge på Eidslandet.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå Bygdeutviklingsutvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Løyvinga utgjer 76 % av søknadsbeløpet på kr 26 104,-. Tilskotet vert betalt ut etter motteken sluttrapport med kostnadsdokumentasjon. Utgiftene må vere knytt til budsjetterte kostnader i søknaden.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekte attende. Det kan søkjast om utsett frist for gjennomføring

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 210 000,- i tilskotsmidlar til fordeling ved søknadsomgangen i oktober 2021.

Eidslandet Grendalag søker om kr. 26 104,- i tilskot til innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for born og vaksne på Eidslandet (inne- og uteaktivitetar).

Kommunedirektøren vurderer at innhaldet i søknaden er i tråd med føremålet som tilskotsordninga skal fremje, og går inn for å løyve kr. 20 000,- i tilskot (76 % finansiering av budsjetterte kostnader).

Framlegget til stønadsbeløp er gjort etter ei samla vurdering av innhaldet i søknaden, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar. Nærare grunngjeving går fram under «vurdering og konsekvensar».

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling i 2021. Til møtet i november står det att kr. 210 000,- til disposisjon. I søknad av 30.09.21 søker Eidslandet Grendalag, ved Vegar Neset, om kr. 26 104,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av utstyr til fritidsaktivitetar for born og vaksne på Eidslandet:

- | | |
|--|---------------|
| · Innebandykøller senior, 10 stk | : kr. 5 390,- |
| · Diverse ballar | : kr. 1 000,- |
| · Leikestativ med sklie og liten klatrevegg | : kr. 4 749,- |
| · Frisbeegolf, startsett, 3 mål og diverse puttere | : kr. 8 975,- |
| · Treningsmatter, 10 stk | : kr 5 990,- |

Søknadsbeløpet utgjør 100 % av planlagde innkjøpskostnader. Alt praktisk arbeid i samband med tiltaket, vil bli gjort av grendalaget på dugnad.

Søkjær seier at føremålet med innkjøpa er å fremje samkome og felles aktivitet i bygda.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- "Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet", vedtekne 26.05.20:

<https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Vurdering og konsekvensar

Søknaden frå grendalaget vert vurdert å vere i samsvar med retningslinene for tilskotsordninga sine krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna friviljuge lag/organisasjonar).

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for "alle". Her kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast støtte til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Kommunedirektøren ser på søknaden som eit fellestiltak for å skape aktivitetstilbod og sosiale møteplassar for innbyggjarane. I dette høvet vert tilbodet for born spesielt vektlagt. Vurderinga er at søknaden samsvarer med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og at det er grunnlag for å løyve tilskot.

Det er kome inn mange søknadar til gjeldande søknadsomgang, og samla søknadsbeløp er langt større enn tilgjengelege tilskotsmidlar. Ei prioritering er difor naudsynt.

Retningslinene seier at det ved ei prioritering skal takast omsyn til geografisk fordeling av midlane, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Eidslandet har ikkje mottek tilskot frå Bygdeutviklings-utvalet. Kombinert med tiltaket sin karakter, vert difor søknaden prioritert høgt.

Med bakgrunn i kriteria for løyving, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, er framlegget å løyve kr. 20 000,- til planlagde innkjøp i regi av grendalaget. Dette er om lag kr. 6000 mindre enn kva det vart søkt om (76% finansiering).